



Fjell kommune

LEIRSTADEN BARNEHAGE ÅRSPLAN 2019/20



KULTURBARNEHAGE

Leirstaden barnehage
Austreskiftedalsveg 23
5353 Straume
Tlf.: 550968/90179621
E-post : monika.sorlie@fjell.kommune.no

Innhald

Litt historikk :	3
Overordna mål:	4
§ 1. Formål	4
§ 2. Innholdet i barnehagen	4
Årsplanens funksjon	6
KONTAKTINFORMASJON:	6
Planleggingsdagar :	8
Dagsrytme :	8
Vår Visjon : " SAMAN ER VI BEST"	10
VERDIGRUNNLAG	10
DEI UTRULEGE ÅRA (DUÅ)	12
Satsingsområde:	13
	Feil! Bokmerke er ikke definert.
DINO-GRUPPER	14
Trygg i Fjell – intensivt arbeid mot mobbing i Fjell kommune	15
Trygg i fjell i Leirstaden barnehage	16
Vennskapsveka	17
Hvilestund:	17
Dei 7 fagområda.	20
Plan på hvordan vi jobber med progresjon i fagområdene :	20
Omsorg ,danning, leik og læring:	25
Det allmennpedagogiske tilbudet til barn som trenger ekstra støtte:	27
Teikn til tale :	27
Barna si medverknad:	
FORELDRA SI MEDVERKNAD:	28
Overgangar :	30
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.	31
KULTURBARNEHAGEN:	32
Prosjektarbeid:	33
Praksisopplæring:	33
HMS :	34
TRADISJONAR	35



Leirstaden barnehage er ein 5 - avdelings kommunal barnehage, som ligg ca. 2 km frå sentrum på Straume.

Vi ligg fint til i naturskjønne omgivnader ved Skiftedalsvatnet og nært Foldnes kyrkje.

Litt historikk:

- Barnehagen starta opp med 4 avdelingar 31.10.2006.
- Avdelingane heiter : Tryllefløyten, Dovregubben ,Flåklypa, Tyrihans og Soria Moria

Leirstaden barnehage er ein kulturbarnehage - vi spissar vår kompetanse og prosjekter i denne retninga.

Vi har eit stort fellesrom på 70 m² , der det er installert lyd- og lys anlegg og stor scene. Dette blir brukt flittig og er ein stor bidragsytar i så måte - vi kan invitere alle foreldre og diverse gjester på store og flotte framsyningar. Dette rommet blir også brukt i det daglige, og er perfekt til karneval, nissefest osv.

” Leirstaden er stedet vårt ,
Her har vi det kjempe flott,
Vi ville ikkje byttet det
- mot kongens flotte slott ”

Utdrag frå Leirstadensangen som blei laga våren 2007.



Overordna mål:

Barnehagens formål og innhald er nedfeldt i " Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar" :

§ 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjenvnad, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og ferdigheter. De skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Endra ved lov 19 des. 2008 nr. 119 (ikr. 1 aug 2010 iflg. res. 18. juni 2010 nr. 828).

§ 2. Innholdet i barnehagen.

Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd.

Barnehagen skal gi barn muligheter for leik, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barna sin nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap.

Departementet har fastsett ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for kvar barnehage fastsetje ein årsplan for den pedagogiske virksomheten.

Årsplanens funksjon

- Den skal være eit arbeidsreiskap for personalet slik at dei kan styre virksomheten i ei ønska retning.
- Den skal gi informasjon til: foreldre/føresette , bhg. sin administrasjon i kommunen, barnehagens samarbeidspartnarar og andre interesserte.
- Den skal være grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen.
- Den skal gi foreldre/føresette høve til å påvirke innhaldet i barnehagen.

I tillegg til årsplanen har kvar avdeling egne månadsplaner.

Årsplanen blir godkjent av barnehagen sitt samarbeidsutvalg.

KONTAKTINFORMASJON:

Kontor/Styrar:

55 09 68 20

901 79 621

Avdelingane sine tlf.nr:

Dovregubben : 46840179

Tryllefløyten : 46839632

Flåklypa: 95284042

Tyrihans: 46865919

Soria Moria : 95159420

Barnehagen si postadresse:

Leirstaden bhg.

Austre Skiftedalsveg 23

5353 Straume

Email kontor:

Monika.sorlie@fjell.kommune.no

Leder av samarbeidsutvalget 2019/20 :

Rebekka K. Mellinge rebeccakm@gmail.com

AVDELINGSBLOGGA R

- Tryllefloytenblogg.blogspot.com
- Avdflaaklypa.blogspot.com
- Avdsoriamoria.blogspot.no
- Tyrihansbarna.blogspot.com
- Avddovregubben.blogspot.no



Leirstaden barnehage si heimeside :

<http://www.fjell.no/leirstadenbarnehage/>

Planleggingsdagar :

Barnehagen er stengt desse dagane.

09. September

08. November

31. Januar

22. Mai

05. juni

Dagsrytme :

07.00 Barnehagen opnar

08.30 Frokost

09.00 Frileik

10.00 Tilrettelagte aktiviteter/ utetid

11.00 samlingsstund

11.30 Lunsj

12.00-14.30: Kvile tid / utetid/aktiviteter

14.30 Frukt

16.30 Barnehagen stengjer

KOSTHOLD:

Fjell Kommune er opptatt av at barnehagane skal ha et sunt kosthald. I barnehagen vår får barna servert smørelunsj og to varme måltider i veka. Vi er opptatt av at maten skal være næringsrik, innbydande og sunn. Barna får også ta del i matlaging og baking.

Til frukost veljar foreldra sjølv kva dei vil at barna skal ete. Vi oppfordrar likevel dykkar som foreldre til å fylle matboksane med sunn og næringsrik mat som gir en god start på en aktiv barnehagedag.

Når et barn har bursdag ynskjer vi å ha fullt fokus på barnet. Det blir derfor ikkje servert kaker og liknande til bursdagsfeiringane.

Vi kommer ikkje til å slutte å bake kake eller liknande, men dette blir heller gjort utanom bursdagsfeiringane.



Viktig for foreldre/ føresette og huske på:

- Alle klede skal merkes med barnets namn.
- Barnet skal være utstyrt med klede som er tilpassa vêrforholda.
- Barnet skal følgjes inn i barnehagen.
- Foreldra må ha kontakt med personalet ved henting og levering av barn.
- Husk å melde frå til bhg. om barnet ditt skal vere borte frå bhg. over lengre tid.
- Gi beskjed dersom barnet / barna kommer seinare enn 09.30.
- Det skal gis beskjed dersom barnet blir henta av andre enn foreldre/ føresette.
- Sjuke barn skal holdast heime på grunn av smittefare.
- Det skal ikkje parkerast på skravert område.



Vår Visjon : " SAMAN ER VI BEST"

Med dette meiner vi : når vi samarbeider og står saman så lukkast vi best! – mellom barn-personale –foreldre og andre samarbeidspartnarar. Enkeltindividet er viktig – og får utvikle seg på sin måte – men saman med andre vil det oppleve å få meir ut av seg sjølv.



« saman er ein mindre aleine», Anna Gavalda

VERDIGRUNNLAG

Vi skal formidle grunnleggjande verdier som fellesskap, omsorg og medansvar og representere eit miljø som byggjer opp respekt og toleranse.

Barna skal oppleve varme og kjærleik i barnehagen – varme og kjærleik kjem til uttrykk gjennom dagleg omsorg og gjennom læringsmiljøet. Gjennom dagligdagse hendingar og gjennom det å vere saman og oppleve delt glede.

Personalet har som rollemodell ansvar for at verdigrunlaget blir etterlevd i praksis. Barn og vaksne skal handsama kvarandre med gjensidig respekt, og ulikskap skal bli sett på som ein rikdom for fellesskapet.

Barnehagen skal fremje **demokrati** : barna skal lære hvordan eit demokrati fungera- at deira stemme og syn teljar. Vi lærer dei om at deira syn og val kan ha konsekvens for en sjølv og andre rundt seg. **Likestilling, mangfald og gjensidig respekt** : Vi ønsker å ivareta mangfaldet her i barnehagen, dette gjør vi ved å :

- Markering av Samedagen
- Markering av FN-dagen
- FORUT- prosjekt



(Kjernekomponent fra rammeplanimplementering 2018-20)

Vi lærer barna å ta vare på leiker og ting rundt oss, at man kan bruke leiker og klær «fleire gonger», vi kildesorterer og om våren sår vi frø og barna tar del i prosessen til ein ferdig grønnsak eller plante. Vi jobber etter «gratis prinsippet» alle utflukter og arrangement betaler barnehagen for. F. eks. gratis mat på Forut- basar .

Livsmestring og helse: Alle barn skal oppleve mestringsglede. Ved å få oppgaver tilpassa sine evner og føresetnader. Det å oppleve mestring vil bygge opp sjølvkjensla hos barna, og gje dei positive opplevingar som igjen kan føre til å strekke seg etter nye utfordringar.



(Kjernekomponent fra rammeplanimplementering 2018-20)

DEI UTRULEGE ÅRA (DUÅ)



Personalet i Leirstaden barnehage har deltatt i programmet « Dei utrulege åra », og alle som er ansatte hos oss får kjennskap til programmet gjennom kurs og praksis i barnehagen.

Målet ved programmet er å styrkje personalet si kompetanse i førebygging og handtering av atferdsproblem i skular/ barnehagar, samt å styrkje samarbeidet mellom skule/ barnehage og heim. Programmet styrkjer personalet si kompetanse i klasse/ gruppeleing, inklusive ulike proaktive læringstilnærmingar.



Dinoskulen / førskulebarna

Dinosaurusskulen byggjer vidare på Dei Utrulege Åra

Føremålet med programmet er å fremje sosial dugleik hjå barn, styrkje samarbeid mellom barn og vaksne og redusera uønska språkbruk og negativ atferd i barnehagen.

Dette skal førskulebarna på Tryllefløyten, Flåklypa og Soria Moria lære :

- Å forstå reglar og kvifor vi har dei
- Å forstå og kunne snakke om egne og andre sine kjensler
- Problemløysing
- Sinnemestring / roe-ned strategiar
- Vennskap

Gjennom heile dette barnehageåret skal vi ha Dinosaurskule i Leirstaden barnehage. Vi starter opp med nytt kull fra hausten av ,2013 barna :)

Vi har foreldrerettleiaren ” dei utrulege åra ” disponibelt for utlån. (2 eks.)
Der kan foreldra lese om dei ulike strategiane heime.

Denne er utfyllende i høve til heimesituasjonen, enkel og forståleg

Satsingsområde:

I barnehageåret 2019/20 har vi valgt å ha **språk** som satsningsområde.

Språk i barnehagen mykje meir enn berre prat.

Eit godt språkmiljø i barnehagen skal gje rom for at barn og vaksne kan utrykke tankar, kjensler og erfaringar. Dei skal kunne sette ord på ting og kunne reflekter og diskutere med andre. Om du uttrykker deg med verbalspråk eller med teikn og gestar, er ikkje viktig. Men vi må gje alle barn uavhengig av språkleg bakgrunn eller fysiske og psykiske vanskar, høve til å få eit språk som hjelper i deira kommunikasjon med andre.

Vi har også eit **musikkprosjekt** som går på tvers av alle avdelingane, det har vi valt å kalle Sangsprell. Dett er eit samarbeid med kulturskolen og vil strekke seg igjennom heile dette barnehageåret.

I hovudsak vert prosjektet lagt opp til dei eldste i barnehagen, men er implementerbart også for dei alle minste.

Kva skjer i barnehagen ?

- Song og musikk prosjekt
- Workshops- Adele Duus og Skyggeteater
- Forut aksjon med opptreden frå scenen.
- Teaterforestilling i bhg. Himmelspringaren i uke 46 i Vennskapsveka vår.
- Sommerfest med konsert den 9. Juni

Sangsprell :

- Musikkpedagogane har undervisning i bhg., og personalet rullerer på å vere med.
- Musikk aktivitet kvar veke
- Alle barna får opplæring på sitt nivå
- Språkfokus i gruppene - innlæring av begrep, ulike språk og forståing, imitasjon, repitisjon, rytme etc. dette er naturleg ved bruk av musikk som pedagogisk verktøy.
- Og sjølv sagt mye lek og moro!
- Varighet haust 2020



Vår barnehage er en «Syngende barnehage»

Det er en nettressurs for barnehagen, som gir økt musikkompetanse og økt sangglede i barnehagen.

Denne nettressursen er ett gratis Skattekammer med videoopptak av sanger, regler og musikkaktiviteter. Webforedrag om musikk og språk, instrumentbruk, musikk i hverdagssituasjoner m.m

Foreldrene er velkommen inn 😊



<https://www.skattkammer.no/> Passord : **minskatt**

DINO-GRUPPER

Også dette året starter vi opp med Dinogrupper for alle barn i barnehagen. Når de eldste barna går på Dino-skole skal de andre barna delta i forskjellige Dino-grupper delt inn etter alder.

Leirstaden Barnehage har som visjon "Sammen er vi best!". Når vi samarbeider på tvers av avdelingene og står sammen som en hel barnehage lykkes vi best! Vi er selvsagt opptatt av enkeltindividet også, og vi mener at når en er sammen med andre vil en oppleve å få mer ut av seg selv.

Ved å ha aldersbestemte grupper blir barna kjent med alle som er like gamle som de, og de får knyttet et sterkere bånd til barna som de seinere skal gå på Dino-skole med og kanskje også gå på samme skole med.

I tillegg ønsker vi også at alle barna i barnehagen vår skal få ta del i et pedagogisk opplegg når det er Dino-skoletid. De yngre barna har lenge misunt de eldste som får gå på Dino-skole to ganger i uken, og har ofte ytret ønske om å få være med. Nå får også de ta del i en et større fellesskap mens de venter på å bli Dino-skolebarn.

Vi har valgt å gi gruppene dinosaur-inspirerte navn som passer sammen med dinosaurtemaet på Dino-skolen. Vi kaller de derfor også for Dino-grupper selv om innholdet ikke kommer til å være det samme som på Dino-skolen. Gruppene har fått disse navnene: Langhals, Storhale, Skarptann; Lillevinge og Lillefot.

Dino-gruppene skal ha et pedagogisk innhold. De skal jobbe med årets to temaer som er **musikk og språk**. Vi kommer til å ha ulike aktiviteter som er retta mot dette og fagområdene. Temaene kommer også til å gå igjen i arbeidet vårt på avdelingane heile dette året slik at også Dino-skolebarna får ta del i dem.



«Bumerkene» til gruppene

**Trygg i Fjell - intensivt arbeid mot mobbing i Fjell
kommune**

Å stoppe mobbing krever innsats fra alle i Fjell. Alle må «kunne – ville – våge – handle».



Visjonene er følgende:

Lokalmiljø og fagmiljø i Fjell kjenner hverandre og samarbeider i arbeidet mot mobbing og for et trygt miljø for barn og unge.

I alt deltek 23 av barnehagane i Fjell no i arbeidet mot mobbing. Barnehagane har mellom anna blitt kursa i kva mobbing er, avdekking av mobbing og handtering av mobbing. Det har blitt utvikla mobbeavdekkande verktøy for bruk i barnehagane, der utgangspunktet har vore kjende verktøy som nyttast i skulane. Arbeidet mot mobbing og krenkingar er no ein del av det faste arbeidet i barnehagane.

Ved å trykke deg inn på denne sida under , så kan du lese meir om Trygg i Fjell arbeidet.

<http://www.tryggifjell.no/>

Trygg i fjell i Leirstaden barnehage

- Målet med trygg i fjell: forebygge og redusere omfanget av mobbing generelt i Fjell kommune, og sikre at mobbing blir avdekket og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge.
- Mobbing skjer også i barnehager - da ofte i form av utestenging.
- Hvordan arbeider vi med dette i Leirstaden?
 - Personalet har fått opplæring i Duå og Dino, og kompetanseheving gjennom Trygg i Fjell.
 - Vi har fått opplæring i å forebyggja, avdekka og handtera mobbing.
 - Vi gjennomfører observasjonar og har barnesamtalar om barnas trivsel. Vi har også tett dialog med foreldre. Vi ønskjer at foreldre kjem til oss med stort og smått. Saman kan vi oppdaga mobbing. Om vi avdekker/oppdagar mobbing f. eks. utestenging i leik- tar vi tak idet ved at vi snakkar med barna og foreldra om hvordan vi kan løyse dette på ein god måte.
 - Barnehagen har ein egen resurssperson som jobbar spesielt med Trygg i Fjell for å hindra mobbing, her er det kurs om ressursmøter, slik at en heile tida har fokus på mobbing i barnehagen.
 - å lære barn om sosial kompetanse og bli eit sosialt kompetent barn er ein av føresetnadene for å klara seg godt i alle samanhengar, også seinare i livet. Sosial kompetanse må lærast og det blir lært i samspel med barn og vaksne. Å vera eit sosialt kompetent barn kan vera ein faktor som vernar mot å bli mobba eller å utføra mobbing.

- I barnehagen lærer vi barn korleis dei skal få koma inn i leiken, men også korleis dei skal takla å av og til bli avvist. Det er viktig å skapa robuste barn som også tåler å bli avvist ein gang i mellom.
- I barnehagen arbeider vi med temaet vennskap, kva er ein god venn?

Vennsapsveka

- Denne veka har vi eit ekstra fokus på betydninga av venskap. «Kva vil det seia å vera ein god ven og kva kan ein gjera dersom ein ser nokon som er åleine?»
- Ulike aktiviteter vi skal ha denne veka:
 - Vennesamlingar i Dinogruppene
 - Vennskap på tur
 - Vi les om venskap
 - Vi lagar vennsapsarmband
 - Samtaler om venskap
 - Tankekart om venskap
 - Vennelunch
 - Teater : «Himmelspringaren» Storebarn

Mantra foreldre og andre vaksne som er med barn:

Hugs at du er den viktigaste rollemodellen til barnet. Det du gjer, lærer barnet.

Hvilestund:


I rammeplan står det: *Barna skal ha mulighet til ro ,hvile og avslapning i løpet av barnehagedagen* det står også at : *Personalet skal :*

- *Ivareta barnas behov for fysisk omsorg*
- *Inkludert behov for ro og kvile*

Hvilestund i Leirstaden er å:

- Ligge på gulvet eller sitte ved bordet
- Og lytte til musikk, eventyr eller en bok.

- Hvile ikkje å sove!
- Ikkje alle barn er like flinke til å ta ein pustepause når de treng det, så derfor er det viktig at vi vaksne lager rom for at alle barna får litt kvile i løpet av dagen.



Kommunikasjon, språk og tekst (KST)	Antall, rom og form (ARF)
Kropp, bevegelse, mat og helse (KBMH)	Etikk, religion og filosofi (ERF)
Kunst, kultur og kreativitet (KKK)	Nærmiljø og samfunn (NS)
Natur, miljø og teknologi (NMT)	

Dei 7 fagområda.

Dei 7 fagområda er ein synleg del av det pedagogiske innhaldet i Leirstaden. I løpet av ein dag blir fleire av fagområda berørt samtidig.

Plan på hvordan vi jobber med progresjon i fagområdene :

Kommunikasjon, språk og tekst

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Lære nye ord og omgrep Barna skal gjere seg forstått i leik, samlingar og måltid Barna skal oppleve glede av å bruke språket 	<ul style="list-style-type: none"> Bruke god tid til samtale med barn i daglege situasjonar som; av/påkledning, måltid, leik og teikn til tale Den vaksne setjar ord på det barnet føler og gjer, både verbalt og non-verbalt med bruk av teikn og teikn til tale Bruke biletbøker, song, songleikar rim og regler
Plan for 3-4 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Barna skal utvide omgrepsforståinga si t.d. preposisjonar som over/under 	<ul style="list-style-type: none"> Setje ord på ting og kjensler, bruke prinsipp frå DUÅ og dino, språkgrupper for dei barna som trenger det, samtaler, fargar, lesar bøker, bli kjent med tal og bokstaver
Plan for 5-6 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle omgrepsforståinga Bli fortruleg med tal og bokstavar 	<ul style="list-style-type: none"> Høgtlesing, synlege ordbilete for barna, forsetje med rim og regle Legge til rette for leikeskriving av bokstavar og tal og oppmuntre til at barne skal skrive namnet sitt

Kropp, rørse, mat og helse

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Barnet skal bli trygg i barnehagen sitt uteområdet Tur i nærområdet Fremme psykisk og fysisk helse t.d. å sei nei Utvikle kroppsbeherking, grov/fin - motorikk 	<ul style="list-style-type: none"> Dei vaksne leggjar til rette for leik og aktivitet i dei ulendte områda i barnehagen Går tur i nærområdet, tilpassa barnet sitt nivå og alder Den vaksne støtter barna si emosjonelle utvikling (DUÅ), t.d. bruk av non-verbale teikn Finmotoriske og grovmotoriske aktivitetar

Plan for 3-4 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Lære å ha respekt for eigen og andre sine grenser og kjensler Forståing for hygiene Gå lengre turer i kupert terreng Gjere barna bevisste på eit sunt kosthald 	<ul style="list-style-type: none"> Bruk av DUÅ-regler t.d. hender og føter for seg sjølv Lære rutiner i forhold til hygiene t.d. vaske hender før måltid Fast turdag, uteleik kvar dag, Lage mat
Plan for 5-6 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Lære å ha respekt for eigen og andre sine grenser og kjensler Klare toalettbesøk på eige hand Av -og påkledning Smørje skiva si sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> Dinoskule. Bruk av DUÅ-regler t.d. hender og føter for seg sjølv Støttande og rettleiande vaksne Oppmuntring, tid og rettleiing Oppmuntring, tid og rettleiing

Natur, miljø og teknologi

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få erfaring med alle typar vær og oppleve naturen si endring med årstidene Barna skal få sanse og erfare ulike materiale 	<ul style="list-style-type: none"> Dei vaksne må ha ei positiv haldning å ta barna med ut i all slags vær og undre seg saman med barna om endringane i naturen Leggje til rette for ulike aktivitetar og leik med t.d. sand, stein, jord, vatn og snø
Plan for 3-4 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Få kjennskap og erfaringar med 	<ul style="list-style-type: none"> Leggje til rette for bruk av

årstider og vær, få kjennskap til insekt og planter i naturen og oppleve teknikk i kvardagen og i leiken	nettbrett (I-pad), TV og kamera i prosjekt, leik og i kvardagen saman med barna.
Plan for 5-6 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få bli kjende med kjeldesortering Barna skal få kjennskap og erfare eksperiment 	<ul style="list-style-type: none"> Bli kjende enkle prinsipp t.d. skylle mjølkekartongen, tømme bosset Snøsmelting, vær og vind.

Etikk, religion og filosofi:

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Lære barna grunnleggjande samfunnsnormer og verdiar Barna skal få vise kjensler og få støtte når dei trenger det Markering av kristne høgtider 	<ul style="list-style-type: none"> Dei vaksne støtter barna i konfliktsituasjonar og hjelper dei å finne konstruktive løysingar på problemet. Bruke beskrivande kommentarar og teikn til tale. Personalet skal opptre som gode rollemodellar Vaksne er gode rollemodellar og er anerkjennande i kvardagen Lager julepynt, påskepynt og kyrkjebesøk, gul lunsj, songar og formingsaktivitetar knytt til dei ulike høgtidene

Plan for 3-4 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Lære toleranse og respekt for at alle er forskjellige uansett religion og nasjonalitet Barna skal lære seg å samarbeidde og løyse konflikter Trygg i Fjell 	<ul style="list-style-type: none"> Gi rom for refleksjon og undring Bruke prinsippa til DUÅ og metode t.d. dele, vente på tur, problemløysing Barneintervju om vennskap og mobbing
Plan for 5-6 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Dinoskule Trygg i Fjell Gi rom for undring i kvardagen 	<ul style="list-style-type: none"> Vi snakkar om kjensler (glad, lei seg, sint). Barneintervju om vennskap og

	mobbing <ul style="list-style-type: none"> • Undring saman med vaksne, gode samtalar, møte barna der dei er og utforske
--	--

Nærmiljø og samfunn

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent i nærområdet 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå tur i nærområdet, prate om det ein ser, beskrivande kommentarar

Plan for 3-4 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med nærmiljøet gjennom opplevingar og erfaring • Barna skal bli kjent med mangfaldet i samfunnet vårt og om Samane som Noreg si urbefolkning 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå lengre turar, besøke leikeplass, Sotra Arena, Foldnes kyrkja, skuleområdet, biblioteket osv. • Markere nasjonaldagane som er representert i barnegruppa, vi markerar samedagen. Barna skal få byrjande forståing av verda t.d. kart, flagg, musikk/song.

Plan for 5-6 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Markering rundt barna sitt siste år i barnehagen • Barna skal få vite kva likeverd og respekt inneberer 	<ul style="list-style-type: none"> • Eigen førskuletur, Dinoskule, besøke SFO, rosaruss, rosesermoni • Barna skal oppleve at dei blir sett og høyr og tilhøyra eit fellesskap. T.d. samtale i samlingsstund, grupper, lagarbeid.

Antall, rom og form

Plan for 1-2 åringar	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med omgrepa stor, lite, kort, lav, bakom, framfor, oppå, under... • 	<ul style="list-style-type: none"> • Beskrivande kommentarar. Gi barna tilgang til ulike former, t.d. klossar •
Plan for 3-4 åringar	
Mål Barna skal få erfare ulike størrelser,former,antall,farger og mål Skape interesse for matematiske begreper og øve på antall og form	Metode: Bruke ulike spill, lotto,kortspill,terningsspill- sortere-sammenligne Tallrekken synlig på avdelingene
•	•

Plan for 5-6 åringer	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Gi barna erfaring med ulike måleenheter i hverdagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Være med å dekke bord (ordensbarn) ,baking, være med å forberede lunch,sortere.

Kunst, kultur og kreativitet

Plan for 1-2 åringer	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjende med ulike teknikkar og formingsmateriale, samt det å finne glede i prosessen • Barna skal få sanseopplevingar gjennom musikk, song, dans og drama • Barna skal få moglegheit til å stille ut kunstverka sine • Gi barna ulike kulturopplevingar • Barna skal få anledning til å utvikle fantasi 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna får bruke dei ulike sansane sine både ute og inne, samt tilrettelagt for formingsaktivitetar både taktilt og med hjelpemiddel, t.d. pensel • Barna skal få lytte, sjå, bevege seg og bli kjende med ulike instrument • Dei vaksne tilrettelegg og dokumenterer • T.d. gå på biblioteket, lytte til musikk, få besøk av kulturskulen eller gå på teater • T.d. temafest, utkledning

Plan for 3-4 åringer	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede • Barna skal få musikalske opplevingar • Gi erfaringar med ulike materiale 	<ul style="list-style-type: none"> • Ny måtar å tenke uttrykk, metode og material på t.d. klippe, lime, perle, garn og ull • Dei vaksne gir barna moglegheit til å utfalde seg med song, dans, musikk, rytme og instrument • Lære seg ulike teknikkar t.d. spikking,

Plan for 5-6 åringer	
Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal på ein utflukt med kulturelt innhald 	<p>T.d., kino, biblioteket Eventyrstund – bibliotek</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker teknikkar som naturmateriale, måle, teikne, plastilina, marmorering • Gjennom magisk samling, eventyr, song, songleik, instrument, dramatisering, felles musikkksamling på fellesrommet.

	Dei vaksne tilretteleggjer og dokumenterer.
--	---

Omsorg ,danning, leik og læring:

Omsorg :

Omsorg er ein viktig føresetnad for barns utvikling og læring. Omsorg skal prege kvardagssituasjonane- og komme til uttrykk under leik og læring.

Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og vaksne, og mellom dei voksne i barnehagen er å være lydhøre, nærleik, innleving, evne og vilje til samspel. Barna blir inkludert i leik og aktivitetar. Vi støtter barnas følelser og hjelper de å få uttrykke sine følelser.

Alle barn skal ha minst ein venn og bli inkludert i leik og aktivitetar.

Danning.

«I danning inngår oppseding som ein prosess der vaksne både leier og rettleiar neste generasjon. Gjennom oppseding og danning blir verdier , normer ,tankar og uttrykks- og handlingsmåtar vidareførte, endra og forhandla om « Rammepplanen 2.1

Gjennom danning skapast grunnlaget for barnets allsidige utvikling . Gjennom danning utviklast evna til etisk refleksjon og tenking, barna må støttast i å være omsorgsfulle med kvarandre og gjere gode val. Vi vaksne skal være gode rollemodellar – hvor vi møter barnet med en positiv og anerkjennende haldning. Dette er med på å at barna utviklar eit positivt sjølvbilete.

«Forholdet mellom barn og voksen må være preget av tillit. For å få tillit, må dei vaksne være oppriktig interessert i barna. De må kunne sjå barn, oppfatte kva dei vil, føler og tenker, forstå deira uttrykk i kroppsholdning,språk og handling for så å tilpasse sin åtferd til dei.»

Vi har stort fokus på det å være den gode vaksne hos oss – m.a. Dei utrolige åra og Dino vektlegg sosialkompetanse- og eit viktig prinsipp at vi vaksne er gode rollemodellar som hjelper og veileder i kvardagen.Vi møter barna på følesene deira og hjelper dei til å se andre løysningar (problemløysing). Vi utarbeidar A-standard – og gjennom refleksjon i personalgruppa.

Leik:

Leik er barnas viktigaste vei til læring – leiken er ein viktig del av barnas kvardag og deira trivsel. Gjennom leiken får barnet blant anna bearbeide opplevingar og inntrykk.

Dei får gjennom leiken utvikle sine sosiale og språklege ferdigheter.

Vi må vise respekt for leiken og gi tid og rom for utforskande leik i kvardagen. Vi vaksne må være til stades for å gje hjelp og støtte om nokon trenger oss. Vi lager i stand ulike leikemiljø (krokar) og rom i barnehagen som skal inspirere til god leik. Dei vaksne jobbar for å inkludere alle i leik- dei støttar (coaching) og bruker beskrivande kommentarar for å få barna inn i leiken. Vi skapar fellesopplevingar som for eksempel Sykkel VM , bøker og turar og fellessamlingar. Dette gir barna felles referansar som kan føre til god leik.

Læring :

Barnehagen gir barna grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Læringa kjem av barnas egne erfaringar, at dei får vere med på å prøve og utforske ting. Dei voksne støttar barnas nysgjerrigheit, kreativitet og trang etter å utforske. Dette handler om at vi må vere engasjerande og motiverande vaksne som skapar eit godt og allsidig læringsmiljø.

Formell læring : Planlagde/tilrettelagte aktivitetar iløpet av veka – bidreg til nye erfaringar, utfordringar og oppleving av mestring.

Uformell læring: læring som skjer i her –og –no situasjonar. I leiken gjennom samspel med andre barn og vaksne- utan at det var planlagt.

Barn sin medverknad:

*«Barna i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modning»
(Barnehageloven §3)*

Vi leggjer vekt på å være anerkjennende i vår væremåte, vi lyttar til barnet og skal være lydhøre for hva barna er opptatt av. Vi skal undre oss saman med barna – og innspel frå dei kan munne ut i store og små prosjekt.

Alle barn har ikkje utvikla eit verbalt språk, men men de har andre måtar å uttrykke seg på. Dei brukar kroppen, blikket og lyder. Disse signala er det viktig at vi vaksne oppfattar og lærer oss å tyde. Vi må lytte og bry oss!

Det allmennpedagogiske tilbudet til barn som trenger ekstra støtte:

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter behov og føresetnadene til barna. Barnet skal i den utstrekning det er mogleg delta i barnehagen sin aktivitetar på lik linje med andre barn. Aktivitetane kan som oftast leggast på eit nivå som gjer det mogleg for alle barn å delta. Dersom det er behov for ekstra støtte og ressursar kan foreldre søkje om dette. Vi tilretteleggjer til det beste for barnet i nær dialog med foreldra.

Teikn til tale :



Evna til å kommunisere er viktig og det gir grunnlag for å kunna inngå i eit fellesskap med andre. Utan dette får ein dårlegare føresetnader for å delta og bli inkludert i fellesskapet. Derfor bruker vi teikn til tale med barn som har forsinka språkutvikling.

Teikn er med på å styrkje barnet si forståing av ord og hjelper barnet til sjølv å bli aktiv i kommunikasjonen.

Når ein bruker teikn saman med barn, gjer det at barnet sjølv kan opparbeide eit ordforråd som det kan bruke aktivt.

Vi bruker teikn for at barna skal få ei større forståing for språket, og for at dei skal få eit reiskap til å uttrykkje seg utan tale. Teikna blir brukt saman med tale.

Forsking viser at barn med normal språkutvikling får eit større ordforråd og betre språkforståing når dei har brukt teikn, enn barn som ikkje har brukt det.

For å kunne bli aktive medborgarar i samfunnet, må alle ha moglegheit til å kunne uttrykkje seg. **Alle barn har krav på å kunna forstå og bli forstått.**

Visualisering samlar og inkluderer!**Barn sin medverknad:**

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverking ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.

- Vi snakker og reflekterer med barna om hvilke reglar vi bør ha og har i barnehagen.
- Vi har kvar haust barneintervju om barnas trivsel ,venskap og mobbing.
- Vi har ein undersøking blant borna om hvilken type mat dei likar best, dei små observerast og etterspurt hos foreldra og dei store blir intervjuet. Borna får medvirka til fredagslunchen vår.
- Vi oppmuntrer barna til å ha egne meninger
- Velge hvem dei vil leike med
- Velge aktivitet

Med dei minste er det medvirkning gjennom å leggje merke til uttrykk, verbalt og kroppsspråk.

FORELDRA SI MEDVERKNAD:

Foreldre/føresette kan utøve medverknad på drifta av barnehagen gjennom samarbeidsutvalet i barnehagen. Saker kan meldast til samarbeidsutvalet. Foreldre/føresette kan seie kva de meiner om barnehagen gjennom brukarundersøkinga som blir gjennomført anna kvart år. Undersøkinga er anonym og inneheld ei rekkje ulike spørsmål kor de skal gje poeng frå 1-6. Signala vi får gjennom undersøkinga fortel oss kor vi må bli betre og kva de er nøgd med.

Vi ønskjer å sikre felles forståing og godt samarbeid mellom barna sin heim og barnehagen ,for å sikre dette er dette viktig :

- Besøksdag for nye barn og foreldre som skal begynne i barnehagen- om våren
- Oppstartsamtale
I forbindelse med oppstart blir foreldra informerte om barnehagekvardagen og foreldra fortel om sitt barn.
- Daglig kommunikasjon med føresatte ved bringe- og hente situasjonane
- Forut Basar
- I samband med prosjektframsyning
- Sommarfest
- Telefon / e-post og sms- kontakt
- Foreldresamtaler , 1-2 gonger i året – elles etter behov
- Foreldremøter
- Blogging (dokumentasjon av barnehagekvardagen)

- Månadsskriv – årsplan

Foreldremedverknad

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutval

- For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.
- Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.
- Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.
- Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.
- Samarbeidsutvalet (SU) :
- Hver haust på foreldremøtet blir det valgt inn en representant frå hver avdeling (viss mulig).
- Su har rett til å uttale seg i saker som er av viktighet for barnehagens innhal, virksomhet og forholdene til foreldrene.
- Su skal bl.a fastsette barnehagensårsplan.

Det blir valgt en foreldrerep. for hver avdeling (5 stk) inn i su.for ett år av gangen. I tillegg til disse består su av styrer og to representanter fra barnehagens personale.

Andre samarbeidspartnere:

- Fjell kommune
- Helsestasjonen
- Rettleiarteamet
- PPT- Pedagogisk,psykologisk tjeneste
- Barnevernet
- Skole

- Andre barnehager
- Fysioterapi
- Bup (barne-og ungdomspsykiatrisk)

Overgangar :



Når barnet begynner i barnehagen:

På våren arrangerer vi besøksdag for nye barn og foreldre.

Ved oppstart så tilpasser vi rutiner og organiserer tid og rom for at barnet skal få tid til å bli kjent, etablere refleksjoner og knytte seg til personalet og andre barn. Dei voksne er tett på den første tida slik at barn og foreldre skal oppleve tilhørighet og trygghet.

Overgang mellom avdelingar:

Når det er kome for skifte mellom avdeling innad i barnehagen- så informerer vi foreldre om hvilken avdeling og om tidspunktet for skiftet. Dei får også eit «velkomenskriv» frå den nye avdelinga med info. Om rutinar og planer. Det er også en samtale mellom ped.leiarane for å sikre at barnet blir ivarettatt på best mulig måte. Foreldre blir informerte på samtale om kva som skal vidareformidlast. I tida før skiftet mellom avdelingar er dei borna ofte på besøk på den nye avdelinga, for å knytte seg til personalet og borna.

Overgang barnehage - skule

Vi skal gjere det siste året i barnehagen til ein fin avslutning på barnehagetida, slik at dei kan gle seg til å begynne på skulen.

- Vi har Dinosauruskule, med ekstra fokus på skuleførebuande tema/aktiviteter.
- Besøksdag på uteområdet til Foldnes skule som er vår skule i nærmiljøet.
- Barnehagen tek kontakt, fastsetter og leiar møte med skulen for informasjon omkring enkeltbarn/barnegruppe ved behov, etter samtykke frå foreldre/føresette.
- Vi følgjer prosedyrane til Fjell kommune for overgangen mellom barnehage og skule.



Planlegging, dokumentasjon og vurdering.

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal derfor observerast og vurderast heile tida. (Rammeplanen 4.2)

Planlegging :

- Barnehagen har 5 planleggingsdager i løpet av året, her planlegg og evaluerer vi barnehagedrifta og kompetanseheving av personalet.
- I løpet av året har vi ca. 5-6 personalmøter. Hele personalet er samla til drøfting av ulike saker som berører barnehagen. Prosjektarbeid, ansvarsområder, HMT- arbeid og faglig oppfølging og drøftingar.
- Styrer og ped.leiar/førskulelærere har felles planleggingsmøte ein gong i veka. Drøftingar rundt barn/barnegruppa, faglige diskusjoner og informasjon til og frå.
- Kvar avdeling har møte annakvar veke, drøfting av det daglige livet på avdelinga, planlegging av aktiviteter og prosjekt, ansvarsområder og delegering av oppgåver.
- Vi har 1-2 foreldremøter i året.

Dokumentasjon:

- Månadsskriv og ulike informasjonsskriv blir sendt på mail kvar måned og ved behov.
- Kvar avdeling har sin digitale avdelingsblogg. Det blir blogga i slutten av kvar veke frå barnehagekvardagen. Her blir det lagt ut bilder/ hendingar/aktiviteter/prosjekt. Fagområda er synlige med egne etikettar.

Vurdering:

Vi vurderer heile tida verksemda vår og gjer kvarandre tilbakemeldingar og synspunkt på arbeidet vårt. Møta våre blir brukt til dette, personal- ped.leiar-førskulelærer- og avdelingsmøter.

I løpet av dette barnehageåret skal vi vurdere følgjande tema:

Tidspunkt..	Kva skal vurderast.....	Kven skal delta:.....	Kriterier for målet.....	Korleis skal vurderinga gjennomførast:.....
Nov/des	Vennskapsveka	Hele personalet	Kordan var gjennomføringa Er det noko som skal endrast Fekk vi fram budskapet?	Personalmøte/ped. møte/avd. møte
Mai/juni	Sangsprell	Hele personalet		Ped.ledermøte/avd .møte

KULTURBARNEHAGEN:

”Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for barns eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap”.

(barnehageloven §2)



Kultur og tradisjon står sterkt i det norske samfunn. Dette er noko vi vil jobbe med å føre vidare til barna. I Leirstaden barnehage jobbar vi mykje med musikk (sogar, instrument, dans), drama, forming og litteratur (bøker, rim/regler, eventyr).

Barnehagen er lagt til rette for at barna skal få uttrykke seg gjennom dei ulike uttrykksformene. Vi har eit stort fellesrom med scene, som vi bruker til ulike drama og musikk aktivitetar. Vi har instrument lett tilgjengeleg, og tar i bruk mykje musikk og song i m.a. samlingsstundene. Nokre gonger har vi felles samling med heile barnehagen. framsyningar. Vi bruker rim og regler, går på biblioteket og låner bøker, og nyttar oss av kulturtilbod i nærmiljøet .

Prosjektarbeid:

Vi har gode tradisjonar på å drive fram store fellesprosjekt her i barnehagen – samhörighet og fellesskap er viktig for oss. Vi ser at både barn og vaksne profitera på å være saman i stor gruppe , barna utviklar si evne til å kunne iaktta , lytte og uttrykke seg gjennom møter med song , rytmar og rørsle eller i form av uttrykk gjennom farge , form og farge og i gjennom dramatisering , undringa rundt desse tema i løpet av prosessane.

Det å kunne opptre for kvarandre og vise kva vi har jobba med og lært er også viktige ting for oss , både barn og vaksne liker å få bekrefting og spesielt då i høve til noko vi har jobba med over tid og blitt gode på.

Vi ønskjer at alle barn som går eller har gått her hos oss , skal huske på dei gode opplevingane rundt prosjekta . Det være seg til dømes : det å synge i mikrofonen , danse , eller berre den gode kjensla det er å stå midt inni blant alle og bare kjenne på den gode stemninga musikken , rytmane og menneska rundt gir deg.

**Praksisopplæring:**

Vi tar imot studentar frå Høgskulen i Bergen , studentane er i barnehagen i periodar på 1 -2 mnd. Dei vil utføre konkrete oppgåver knytt til ulike fag.

Utover det så skal dei i størst mulig grad fungere som ein del av barnehagepersonalet.

Vi tar også imot sysselsette og lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

HMS :

Barnehagen har eit opparbeida helse , miljø - og sikkerhets system som er i samsvar med internkontrollforskriftene frå Fjell kommune. Systemet er i utvikling og under vurdering.

Vi har eit verneombod i barnehagen .

Helsevernetaten godkjenner barnehagen, og kvart tredje år er det tilsyn av eksterne tilsynsførarar som går igjennom det pedagogiske innhaldet og HMS-arbeidet

Alle dei ansatte skal ha jevnleg oppdatering av brannvern og førstehjelpskurs anna kvart år.








Barnehagen får kvart år tilbod om livbergingskurs.

Alle som arbeider i barnehagen skal levere gyldig politiattest.

Taushetsplikta gjeld for alle som arbeider i barnehagen.



TRADISJONAR

Månad	Aktivitetar og tradisjonar I barnehagen	Aktivitetar og Samarbeid med foreldra
AUGUST	Tilvenning i barnehagen Barn- foreldre- personalet	
SEPTEMBER	Tilvenning i barnehagen	Foreldremøte
OKTOBER	Forut prosjekt	FORUT-basar
NOVEMBER	Uke 46  Vennskapsuke	
DESEMBER	Jule - gudstjeneste i Foldnes kyrkje Lucia , Nissefest Jule - førebuingar	
JANUAR		
FEBRUAR	TEMA- FEST Markere samedagen	
MARS		
APRIL	3-6 åringane, påskevandring i Foldnes Kyrkje Påskeaktivitetar	
MAI	Mai - fest Fotografering Dino-avslutning	
JUNI	Sommarbarnehage	
JULI	Sommarbarnehage	